

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 3.11.20

Stad: Fjordsenteret

Sak 38/20. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2020-23

Saksopplysning/vurdering:

Fjellstyret har i to møte tidlegare i år (april- og junimøtet) hatt føre sak om revisjon av forvaltingsplanen for statsallmenningen. I møtet den 16. juni vart det gjort følgjande vedtak:

Utkastet til forvaltingsplan for Aurland statsallmenning vert godkjent slik det ligg føre, med følgjande tillegg:

I kap. 1.8 Landbruk vert det lagt til at det i 2019, for første gong på mange år, vart sleppt storfe på beite i Stemmerdalen.

Planutkastet vert lagt ut til høyring på fjellstyret si heimeside, med høyringsfrist 1. oktober.

Planutkastet låg, i samsvar med dette vedtaket, ute til høyring 4 veker. Dette vart gjort kjent på fjellstyret si heimeside og i Aurlendingen. Det kom ikkje inn merknader til planen før høyringsfristen 1. oktober. Dette tilseier at fjellstyret no kan vedta planen slik han ligg føre. Det er sjølv sagt ikkje noko i vegen for å leggja inn mindre endringar/tillegg i planteksten i dette møtet, utan at dette krev ny utlegging til høyring.

Planutkastet, i den forma det vart lagt ut på høyring, ligg ved.

Framlegg til vedtak:

Forvaltingsplanen for Aurland statsallmenning for 2020-23 vert godkjend slik han ligg føre.

Fjellstyrekontoret, den 29.10.20

Harald Skjerdal